



Årsmelding frå fotballgruppa for 2024

Styret

Styret blei samansett slik etter årsmøtet 2024:

Ove Mikal Haveland	Leiar og kasserar	Vald for	2023-2025
Håvard Furset	Styremedlem	Vald for	2023-2025
Kari Ann Lien	Kioskansvarleg	Vald for	2023-2025
Ole Aleksander Hopland	Nestleiar	Vald for	2024-2026
Christian Fjelle	Fairplay ansvarleg	Vald for	2024-2026

Styret hadde to fysiske møter gjennom sesongen og tok resten av avklaringane digitalt. Kari Ann kunne ikkje ta seg av kiosken lenger grunna kollisjon med arbeid. Dette blei løyst ved at Ove Mikal og Ole Aleksander tok seg av kiosken på A-lagskampane. Øystein Haugland gjekk ut av banenemda og oppgåvane blei fordelt på styret i fotballgruppa samt leiar i idrettslaget. Christian og Håvard bidrog mykje med klipping av bana og Ove Mikal og Ole Aleksander delte på å merke bana, samt tok seg av sanding, pigging og ujevnheter i bana.

A-laget

Spelende trenar: Geir Holmen ut sesongen før han trakk seg grunna skader.

Treningsdagar: Søndag ute og etter sesongslutt fortsette dei med innetrening på Stårheim torsdagar i tillegg.

A-laget hadde ein normal sesong med kampprogram på 16 kampar. Dei hadde 25 aktive der kun 21 betalte treningsavgifta. Det holdt hardt å stille lag til alle kampane, men det klarte dei heldigvis og vi unngjekk bot. Mykje grunna enkelte som slutta og ein del skadar så klarte dei ikkje å gjenta resultatet frå 2022, men endte i staden på ein 7. plass som i 2023. Første kamp var 23.04. borte mot Eid 2 og siste seriekamp 30.09. mot Hyen på Eid idrettspark. Siste heimekamp på Klenkarberget var 02.09. mot Måløy 2.

Vi fortsette med open kiosk på heimekampane trass i at kioskansvarleg ikkje kunne fortsette med oppgåva. Vi kjøpte restvarene etter 17. mai og fekk brukbar omsetning på det. Vi fekk også bollar frå minibakeriet som hjalp på omsetninga og gav oss noko som også kunne delast med spelarane og dommarane når vi hadde nok til det. Vi kjøpte inn saftis for å ha eit glutenfritt tilbod og det blei tatt godt imot. Snittinntektene per kamp var på ca 1270kr etter utgifter og snittutgiftene til dommarar per kamp var på 1760kr, så det gjekk ikkje i pluss i fjor. Nytt draktsett med nye sponsorar blei teke i bruk og keeperen fekk den rosa drakta han alltid hadde draumt om. Uheldigvis skada han seg stygt på hausten og vil ikkje kunne fortsette å spele fotball i 2025. Avslutningsfesten på Balsnes blei flytta til januar 2025.

Kay Rune Solheim fekk tildelt Blå diplom i forbindelse med miljøhelga i Sogn og fjordane fotballkrets på Scandic i Førde 30.10. Dette på bakgrunn av hans innsats gjennom mange år i Haugen fotballgruppe. Han runda også 300 kampar for Haugen i sesongen 2024. Stig Tore Gilleshammer runda 100 kampar for Haugen. Begge fekk utmerkingar for det på feiringa som blei flytta til januar 25.

Barnefotballen

➤ Treningsdagar:

G11 mandagar 18-19:30 og onsdagar 18-19:30

J11 torsdag 19-20.30 frå haustferien mandagar 16-17:30

J8-9 torsdag 17:30-18:30 frå haustferien mandagar 18-19

G8-9 torsdag 17:30-18:30 frå november onsdagar 17:30-18:30

G5-6 torsdag 17:30-18:30 fri vinterstid

➤ Trenarar:

G5-6: Hilde Katrine Engeli på vår, deretter Håvard Furnes, Signe Johanne Haveland og Martine Hopland

G8-9: Ove Mikal Haveland med Thomas Bratlie Haugland som backup

J8-9 og J11: Ole Aleksander Hopland med Ove Mikal Haveland som lagleiar

G11: Kay Rune Solheim med Stian Bjørlo og Christian Fjelle som back up. Britt Remme og var lagleiar for begge laga.

➤ Sesongen:

Vi hadde ein spelar frå J11 med på sonetreningane i begynnelsen av året. Ho blei tatt ut på sone og i desember blei ho også tatt ut til Sogn og fjordane sitt krets lag.

Oppstart av serien var som vanleg etter påske.

Vi kom bra i gang med sesongstart og seriespel, men klarte ikkje å stille lag i G13-14 grunna lekkasje til Eid. Vi hadde 2 G11 lag og eit J11 lag. På cup stilte vi med mange lag og hadde mellom tre til fem lag påmeldt til kvar cup. Første cup var Eid Extra-cup 20. april, Kongleriket cup i Selje 9. juni, Kongleriket cup på Eid 1. september, Kongleriket cup i Nordfjordhallen 22. september. G11 og J11 var også i år på BAMA cup i Volda. På Kongleriket-cup så stilte vi med G6, G8 og J8 og 9.

På våren hadde G11 nokre treningar på Hjelle, men etterkvart kunne vi bruke Eid Idrettspark som alternativ bane onsdagar til trening og kamp då Haugen har denne tida og A-laget ikkje nytta den.. Vi hadde fortsatt med oss dommarane frå året før, så gjennomføringa av serien gjekk ganske bra.

Etter sesongen fortsette vi ikkje som fjor med innetreningar gjennom vinteren på Stårheim, men klarte å få tider både for J11 og G11 på Eid utan ekstra kostnad. Det blei kun nytta gymsalen på Stårheim til ekstratrening for G11 ei periode midt på vinteren.

J11 laget fekk også i år nye spelarar og gjekk opp frå 8 til 13 spelarar. Noko som gjer at vi kan spele 9'ar i 2025.

Dugnadar, drift og økonomi

Ein god sesong med stor aktivitet i seriespelet, men litt færre cupdeltakingar, spesielt i vinterhalvåret.

Totalt antal medlemmer ved årskiftet 24/25 i fotballgruppa var 119 stk med, spelarar, trenarar og styret.

Det blei gjennomført totalt to stk. flaskeinnsamlingar, ei etter påske og ei før haustferien. Vi fekk totalt inn 19 065kr på flaskeinnsamling, 400kr mindre enn i 2023.

A-laget hadde den faste dugnaden med demontering av lyslenker og kablar etter at Malakoff festivalen var ferdig. Dette gav oss ei inntekt på 5250kr opp frå 2023.

Knivluftaren blei brukt 3 gantar gjennom sesongen og den nyinnkjøpte sandstrøaren blei nytta ein gang for å få utover resten av sanden frå 2023. Det virka å ha god effekt på bana som heldt seg godt utover hausten. A-laget hadde siste heimekamp på Klenkarberget 15.9. før dei måtte trekke inn på Eid. Då blei bana ganske herpa grunna meir regn enn bestilt.

Vi unngjekk bot for manglande dømming i seniorfotballen gjennom sesongen også i år. Årsaka var at Andreas Sandal fortsatt dømmar for Haugen, sjølv om han bur i Bodø. For denne lojaliteten fekk han også i år tilsendt eit gavekort til jul på 500kr. I 2025 satsar vi på å få kurse unge dommarar på seniornivå via Rekruttdommarkurs og fylle på med yngre via Klubbdommarkurs til barnefotballen.

Vi har kunna fortsatt med gratis fotball for alle barna trass i den store auka i antall spelarar og det er svært gledeleg. Vi fekk støtte frå BUFDIR for å kompensere for dekking av deltakaravgift på cup og det at vi ikkje krev inn treningsavgift.

Vi har hatt jevn dialog gjennom sesongen med trenarar, lagleiarar og foreldre for å forsøke å tilpasse alt så godt som muleg.

Økonomisk endte året i minus, men det er hovudsakleg grunna momskompensasjon som ikkje blei overført før over nyttår.



Takk til alle som har bidratt!
Heia Haugen!